



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/1326 - 21/15435

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

08.03.2021

Godkjent sanitærsøknad - GBNR 498/6 Mellingen

Vi viser til rørleggarmelding motteke 08.02.2021 med vedlagt situasjonsplan (VA-kart)

Adresse byggeplass: Slettevegen – Gbnr 498/6

Type bygg: Campingplass med servicebygg og tømmeplasser for bubil

Type arbeid: Tilknytning offentlig vatn og avløp.

Rørleggjarmeldinga vert godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Stikkledningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om sanitærabonnement.

Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelser.

Tilbakeslagsikring:

Alle næringsbygg skal ha tilbakeslagsikring i h.h.t. NS.EN. 1717. Dette skal dokumenterast i ferdigmeldinga.

Vassmålar:

Alle nye næringsabonnentar skal ha montert vassmålar og betale etter faktisk forbruk. Vassmålar får ein ved å venda seg til VA-avdelinga på driftstasjonen på Stølen 7. Registeringskjema for vassmålar skal sendast inn saman med ferdigmeldinga. Vassmålar skal lesast av årleg av abonnent. Vassmålar skal være installert i eksisterande kommunal kum (merka med P-VK-1 i søknad).

Kommunal kum:

Det er i kommunal kum installert ei reduksjonsventil. Det er ikkje installert vassmålar i kummen. For å kunne installere ei vassmålar i kummen må denne byggast om.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Situasjonsplan:

Vi ser av innsendt situasjonsplan at heile situasjonen ved campingplassen ikkje er vist i planen. I vårt system har vi registrert at vassleidning som går ut frå kommunal kum er splitta i to. Situasjonsplanen viser berre leidning som går til servicebygg. Det er ikkje vist kor den andre leidninga går. Om denne går til eigen vasspost er ukjent. Vi ber om at det vert sendt inn ny situasjonsplan som viser begge vassleidningane som går ut i frå kommunal kum ved campingplassen. Ny situasjonsplan kan sendast inn saman med ferdigmeldinga.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rørføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.

Det vil ikkje bli skrivne ut ferdigattest for bygget/anlegget før ferdigmelding er godkjend.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Roald Egil Straume

Sjøbrekka 1

5939

SLETTA

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ